



Peder og gråtassen i arbeid i dag

**Hvis du har vakse opp saman med ein gråtass blir det gjerne eit livslangt forhold. Slik er det til dømes med Peder Ljosnes og gråtassen hans. I dag møtte vi dei i arbeid med slåttene i dei stupbratte engene ovafor fylkesvegen og Peder fortalte at den grå følgesvennen også denne gongen hadde starta på det første slaget. Han kjøpte traktoren brukt på Seim i 1975, men det er ein 1947-modell. Med andre ord er han 65 år gamal og noko yngre enn eigaren som er 82 ! Traktoren har sidemontert slåmaskin av merket Busatus.**

Ingen traktor har vunne seg ein slik plass i jordbruket og i omdømme som gråtassen sjølv om han faktisk ikkje vart produsert i meir enn ein tiårsperiode - frå 1946 til 1956. Han vart sjølv symbolet på mekaniseringa av landbruket verda over i kjølvatnet av verdskrigen

Harry Ferguson etablerte fabrikken og modellen TE20 like etter krigen. TE tydde Tractor England og 20 viste til dei 20 hestekreftene den råde over. Eg hugsar godt den revolusjon det innebar då gråtassen kom og avløyste hestane. Nokon kvar hadde råd til å kjøpa ein og gråtassen var enkel å operera

og hadde smarte tekniske nyvinningar..  
Etter kvart vart det laga 517 651 eksemplar!

Dei første modellane hadde bensin eller parafinmotorar og 6 volts elektrisk anlegg. Her i landet var det Eikmaskin som fekk einerett på salet og dei var også dei fyrste som selde traktoren utanfor Storbritannia. Grunnen var at Christian Eik var nær venn av Harry Ferguson. I nyare tid er gråtassen brukt i barne-TV, filmar og anna.

Sjølv har eg reist gjennom Gudbrandsdalen i fleire månadar og skreve om gråtassar. Utruleg mange var å finna i låver og stabbur. Rekorden på ein stad var 12 eksemplar!

Gråtassen er og blir folketraktoren uansett kor mange langt større og meir avanserte maskinar som kjem på marknaden. Og den velkjende svisj-lyden frå slåmaskinen blir nok å høyra på Ljosnes i enda nokre år - håpar eg!

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen